

VA Norm Sunnmøre	VA - norm	Vedlegg B1
	Krav til VA-rammeplan	Sist revidert: 26.04.18

Formål

Ved utarbeiding av forslag til reguleringsplanar skal det som hovudregel krevjast ein VA-rammeplan (overordna plan for vatn og avløp) for området. Unntak kan vere planar som omfattar ein bustad med 4 eller mindre bueiningar (firemannsbustad), mindre reguleringsendringar mm. Krav til rammeplan og omfang av denne må avklarast tidleg i planprosessen - ved oppstartsmøte, eller at kommunen ved VA ansvarleg kan stille krav om dette ved merknadar til oppstartvarsel. Rammeplan skal ligge føre som vedlegg til saka ved 1. gangs høyring. Planen skal utarbeidast av verksemd/føretak med godkjent ansvarsrett for prosjektering innanfor fagområdet.

Rammeplanen skal vise prinsippøysingar for vatn- og avløpsanlegg for området og skal sjåast i samanheng med arealbruken, ettersom planlagt utforming og bruk av overflateareal er sentralt for korleis overvasshandteringa vil fungere. Rammeplanen skal vere i tråd med overordna hovudplanar og vil vere retningsgjevande for vidare detaljprosjektering.

Utforming, omfang og krav til dokumentasjon

Rammeplanen skal bestå i to delar. Ein del med utgreiing, og ein del med vedlegg (situasjonsplan mm.) Situasjonsplan skal utarbeidast i eigna målestokk (Jf. krav til dokumentasjon i VA-norm) som viser hovudtraséar for VA-anlegg (kommunale og private), og plassering av brannhydrantar, fordrøyingsanlegg, pumpestasjonar mm.

Ytterlegare krav til innhald i VA-rammeplan er meir detaljert omtalt i fire underpunkt; generelt, vassforsyning, spillvatn og overvatn. For ein del reguleringsplanar vil det grunna omfang og / eller reguleringsformål ikkje vere aktuelt å utgreie alle tema som omtalt under.

Rammeplanen kan vere enkel og kortfatta, og punkta under er meint som ei sjekkliste over kva for tema som kan vere relevant å få belyst:

1. Generelt (gjeld både vass- og avløpsanlegg)

- 1.1. Beskrive eksisterande VA-situasjon (kommunal og privat). Kontrollere om området kjem i konflikt med eksisterande VA-anlegg og foreslå tiltak for å løyse dette. Avstandskrav mellom kommunale leidningar og bygningar/ konstruksjon må vere i samsvar med krav i VA-norma.
- 1.2. Vurdere moglegheit for adkomst til drift og vedlikehald av VA-anlegg og avsette nødvendig areal til tekniske anlegg som pumpestasjonar og reinseanlegg mm.
- 1.3. Vurdere å foreslå vilkår til reguleringsplan som sikrar at nødvendige omsyn knytt til vass-, spillvass- og overvassanlegg blir teke omsyn i planleggings- og utbyggingsprosessen.

- 1.4. Vurdere om det vil vere tilstrekkeleg fall på avløpsleidningar som blir lagde i planlagde vegar. Dette må om nødvending dokumenterast med lengdeprofil.
- 1.5. Kontrollere om området kjem innanfor nedbørsfelt / omsynssoener til drikkevasskjelder. Tiltak som blir søkt utbygd må vere i tråd med drikkevassforskrifta og klausuleringsvilkåra og anna aktuelt regelverk.
- 1.6. Synleggjere VA-anlegg som utbyggjar tenker overtatt til offentleg drift og vedlikehald samt kva for anlegg som skal vere privat.
- 1.7. For å oppnå heilheitlege VA-løysingar, må det vurderast om foreslått tiltak er i tråd med hovudplanar for vass- og avløp samt andre planar / tiltak (eksisterande / planlagde) i tilgrensande naboområde. Dersom behov for samordning, må det bli foreslått løysingar på dette.

2. Vassforsyning

- 2.1. Vurdere om det er tilstrekkeleg kommunal vassforsyning til å dekke behovet for forbruksvatn til planlagde bustader, næring og industri. Dersom ikkje, vurderer om det finst andre alternative vassforsyningar.
- 2.1. Vurdere om det er tilstrekkelig vassforsyning til å dekke dei tilrådde verdiar for slokkevann (brannvatn) i TEK 17.
- 2.2. Vurdere plassering og behov for antal uttak for slokkevatn (brannhydrantar / brannkum).
- 2.3. Avdekke om planlagt verksemd krev slokkevatn utover dei rettleiande verdiane til TEK, og i så fall å undersøke om dette kan leverast frå kommunalt / privat vassverk. Dersom dette ikkje kan leverast, skal anna løysing avklarast i reguleringsplanen.
- 2.4. Vurdere om det vil være behov for sprinklaranlegg i bygg.
- 2.5. Vurdere trykkforhold og kapasitet på leidningsnett eventuellet å foreslå behov for tiltak.

3. Spillvatn

- 3.1. For område med eksisterande fellessystem skal det vurderast om det er aktuelt å etablere separatsystem.
- 3.2. Kontrollere om kommunalt avløpssystem har tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot spillvatn frå planlagt utbygging. Dersom det ikkje finst kommunalt avløpssystem, kontrollere om det finst andre private avløpsløysingar, eller om det vil vere behov for etablering av nye private avløpsanlegg. Vurder om det vil vere behov for å søke om utsleppsløyve for etablering av privat reinseanlegg etter krav i forureiningsforskrifta. Dersom aktuelt, foreslå plassering av reinseanlegg samt vurderer resipientforhold for utsleppsleidning. Det skal også søkjast om utsleppsløyve ved vesentleg auke av eksisterande privat utslepp.

- 3.3. Vurdere om det er tilstrekkeleg kapasitet på eksisterande reinseanlegg.
- 3.4. Kartlegge behov for etablering av pumpestasjonar i eller i tilknytning til planområdet for pumping til kommunalt leidningsnett.
- 3.5. Gjennomføre utrekningar av dimensjonerande spillvassmengder som blir søkt tilknytt det kommunalt leidningsnett.

4. Overvatn

Planlegging og utføring for overvasshandtering skal vere i samsvar med norm for overvasshandtering vedlegg B4.

- 4.1. Vurdere sjansen/moglegheitane for infiltrasjon av overvatn og omtale nødvendige terrengtiltak for å oppfylle overvasshandteringa, jf. VA-Miljøblad nr. 92 – overflateinfiltrasjon. Overvatn skal i størst mogleg grad handterast lokalt med bare avgrensa tilførsel til overvasssystemet. Alternative transportsystem skal veljast dersom tilhøva ligg til rette for det.
- 4.2. Ved byfornyng/sentrumsfornyng skal overvassmengda til eventuelt fellessystem reduserast mest mogleg. Takvatn skal normalt ikkje førast direkte til felles avløpsleidning. Vurder alternative løysingar for handtering av overvatn.
- 4.3. Kontrollere kapasitet på eksisterande overvasssystem (leidningsnett, bekkar evt. andre resipientar) som vil ta imot overvatn frå planområdet.
- 4.4. Vurdere behov for fordrøyingstiltak – og skissere forslag til løysingar og omfang, jf. VA-Miljøblad 104 – fordrøying av overvann.
- 4.5. Vurdere forureiningsnivå i overvatn og om det er spesielt sårbare resipientar som vil bli påverka av planen, og i så fall omtale aktuelle tiltak.
- 4.6. Vurdere om planen krev endring av eksisterande bekkeløp. Eksisterane vassvegar skal normalt oppretthaldast og renne naturleg. Bekkelukking skal normalt godkjennast av NVE.
- 4.7. Vurdere sjansen/høvet for reetablering eller opning av bekkeløp (naturlege vassvegar).
- 4.8. Vurdere om planområdet har naturlege flaumvegar som må ivaretakast og om det vil vere behov for å etablere ny flaumveg over planområdet, jf. VA-Miljøblad nr. 93 – opne flomveger. Plassering av flaumvegar skal i tilfelle skisserast i planen og det skal sikrast at desse blir ført ut av planområdet på ein måte som ikkje medfører skade på område nedanfor.